

Fra: Hanne Birte Hulløen[hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no]  
Sendt: 15.05.2026 10:06:15  
Til: Anne-Sofie Bergene Strømme[anne-sofie.bergene.stromme@vinje.kommune.no]  
Kopi: Dag Steinar Ragvin[dag.steinar.ragvin@telemarkfylke.no];  
Tittel: Attendemelding om GS-veg i høve høringsinnspel - Reguleringsplan - Mobø bustadfelt - gbnr. 136/71 - Raulandsgrend - planID 20240003 - Vinje kommune

---

Vår sak 24/05227

Vi viser til oversendinga under og beklagar det seine svaret.

Kommunedirektøren i Vinje kommune foreslår å endre plankartet til reguleringsplanen for Mobø bustadfelt til sluttbehandlinga av reguleringsplanen, slik at det blir regulert grøft (anna veggrunn) mellom den regulerte gang- og sykkelvegen (o\_SGS2) og fylkesvegen på strekninga langs bustadområdet.

Telemark fylkeskommune er einig i at denne endringa vil vere i tråd med høringsinnspelet vårt datert 6. februar 2026, og anbefaler at planen blir vedtatt med denne endringa.

**Hanne Birte Hulløen**

Plankoordinator  
Samfunn og plan

Mobil: +47 90 17 67 96



**Telemark fylkeskommune**

[telemarkfylke.no](https://telemarkfylke.no)

---

**Fra:** Anne-Sofie Bergene Strømme <anne-sofie.bergene.stromme@vinje.kommune.no>

**Sendt:** tirsdag 12. mai 2026 14:42

**Til:** Hanne Birte Hulløen <hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no>

**Kopi:** Dag Steinar Ragvin <dag.steinar.ragvin@telemarkfylke.no>; Postmottak <post@telemarkfylke.no>

**Emne:** SV: Dialog i høve høringsinnspel Mobø bustadfelt - gang- og sykkelveg

**Viktighet:** Høy

**Advarsel: Denne e-posten kommer fra en ekstern avsender. Ikke klikk på lenker eller åpne vedlegg med mindre du kjenner igjen avsenderen og vet at innholdet er trygt.**

Hei,

Kommunen kan ikkje sjå å ha motteke svar på denne førespurnaden. Vedlagt ligg revidert plankart i høve gs-veg og flaum. Fint om kommunen kan få ein rask attendemelding om dette er tilfredsstillande i høve høyringsfråsegna frå fylkeskommunen 23.04.26 knytt til samferdsel og gs-vegen. Ber om attendemelding innan 18. mai. På førehand takk!

Ha ein fin ettermiddag!

Med venleg helsing

**Anne-Sofie Bergene Strømme**

Plan- og miljørådgjevar  
Økonomi og samfunn

📞 48 11 84 29

✉ [anne-sofie.stromme@vinje.kommune.no](mailto:anne-sofie.stromme@vinje.kommune.no)



VINJE



Miljøfyrtårn

*Det er ikkje tillate å bruke e-post til teiepliktig informasjon. All e-post til og frå Vinje kommune er i utgangspunktet journalpliktig, og vil kunne vera eit offentleg saksdokument som andre kan få innsyn i etter reglane i Offentleglova. Om du skal sende noko som inneheld sensitive opplysningar må du nytte eDialog, du finn [lenke til eDialog](#) her.*

---

**Frå:** Anne-Sofie Bergene Strømme

**Send:** torsdag 23. april 2026 13:59

**Til:** Hanne Birte Hulløen <hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no>

**Kopi:** Dag Steinar Ragvin <dag.stein.ragvin@telemarkfylke.no>

**Emne:** Dialog i høve høyringsinnspel Mobø bustadfelt - gang- og sykkelveg

Hei,

Eg viser til telefonsamtale 23.04.26 og høyringsinnspel frå Telemark fylkeskommune i brev datert 06.02.26 knytt til reguleringsplan for Mobø bustadfelt.

Slik eg har forstått omgrepsbruken, inneber «gang- og sykkelveg» ei løysing der det er grøft mellom gang- og sykkelvegen og fylkesvegen, medan «fortau» ligg direkte inntil fylkesvegen utan grøft imellom. Etablering av fortau utan grøft langs fylkesveg med fartsgrense 60 km/t krev fråvik frå gjeldande vegnormalar. Reguleringsplanen kan ikkje takast opp til endeleg vedtak før eventuell fråviksbehandling føreligg. Alternativt kan plankartet endrast. Telemark fylkeskommune har i høyringsinnspelet bedt om å få tilsendt endra plankart til utsjekk før planen vert godkjend.

For arealføremålet gang- og sykkelveg o\_SGS2 gjeld følgjande føresegner:

- Gang- og sykkelvegen skal tilfredsstillast krava i N100 og V121.

- G/S-veg skal utførast etter detaljplan godkjend av Telemark fylkeskommune ved søknad om løyve til tiltak.

Slik føresegnene er utforma, ligg det føre motstrid mellom plankart og føresegner, då gang- og sykkelveg skal tilfredsstillast krava i vegnormalane. Kommunedirektøren får difor til at arealføremålet gang- og sykkelveg o\_SGS2 blir flytt, slik at det blir regulert grøft (anna vegggrunn o\_SVG) mellom gang- og sykkelvegen og fylkesvegen på heile strekninga. Dette er i tråd med høyringsinnspillet frå fylkeskommunen og med det som går fram av føresegnene.

Dersom denne løysinga ikkje blir vedteken, vil det framleis vere motstrid mellom plankart og føresegner, og planen kan då ikkje vedtakast. Dersom ein vel å vidareføre løysing med gang- og sykkelveg utan grøft (fortau) i plankartet, må det søkjast om fråvik frå vegnormalane før endeleg handsaming.

Eg ber om ei stadfesting, slik som drøfta i telefonsamtale 23.04.26, på om dette er ei tilstrekkeleg skildring i saka, og at oppfølging gjennom vedtak vil vere tilfredsstillande for å imøtekome kravet om innsending av endra plan til utsjekk før godkjenning.

Fint om vi kan få ei tilbakemelding innan 28.04.26, slik at intern skrivefrist kan haldast.

Med venleg helsing

**Anne-Sofie Bergene Strømme**

Plan- og miljørådgjevar  
Økonomi og samfunn

📞 48 11 84 29

✉ [anne-sofie.stromme@vinje.kommune.no](mailto:anne-sofie.stromme@vinje.kommune.no)



VINJE



Miljøfyrtårn

*Det er ikkje tillate å bruke e-post til teiepliktig informasjon. All e-post til og frå Vinje kommune er i utgangspunktet journalpliktig, og vil kunne vera eit offentleg saksdokument som andre kan få innsyn i etter reglane i Offentleglova. Om du skal sende noko som inneheld sensitive opplysningar må du nytte eDialog, du finn [lenke til eDialog](#) her.*